



RAUS,
INKLUDERANDE OG
MODIG

Årsplan Langhaugane barnehage 2019 -2022

Konstituert einingsleiar Marie Slåtten

Innhold

Planen si oppbygging:.....	3
Ansvar og roller:	3
Kommune/eigar:	3
Einingsleiar:	3
Pedagogisk leiar:.....	4
Øvrige tilsette:.....	4
Visjon og kjerneverdier i Sunnfjord kommune:.....	4
Barnehagen sitt verdigrunnlag:.....	5
Barn og barndom:.....	5
Demokrati:.....	5
Mangfold og gjensidig respekt:	6
Likestilling og likeverd:	6
Bærekraftig utvikling:	6
Livsmestring og helse:	7
Barn sin rett til medverknad:.....	7
Barnerådet, medverknad på administrasjonsnivå:	8
På avdelingsnivå:	8
Samarbeid mellom heim og barnehage:	8
Barnehagen sitt føremål og innhald:.....	9
Omsorg:	9
Leik:	9
Læring:.....	10
Danning:	10
Sosial kompetanse, vennskap og fellesskap:.....	10
Vennskap	10
Dei stille og sjenerte ungane:	11
Arbeid med fysisk utagering.....	11
Nedsett impuls kontroll.....	11
Verbal utagering.....	11
Mobbing	11
Kommunikasjon og språklig kompetanse:.....	12
Arbeidsmåttane til barnehagen:.....	12
Progresjon:	12
Digital praksis:	12
Barnehagen sin digitale praksis:.....	12

Barnehagen sitt arbeid med fagområda:	13
Barnehagen som pedagogisk verksemd:.....	14
Planlegging, vurdering og dokumentasjon:.....	14
Tilrettelegging for barn som treng ekstra hjelp og støtte:.....	14
Overgangar:	15
Når barnet startar i barnehagen:	15
Overgang mellom avdelingar:	15
Overgang mellom barnehage - skule:	15
Del 2 : Praktisk informasjon:	15
Frammøte:.....	15
Foreldrebetaling:	15
Opptak og oppseiing av plass	15
Planleggingsdagar:.....	15
Foreldresamtalar/møte:.....	15
Foreldreråd og Samarbeidsutval (SU):	16
I avdelingane:	16
Mat:	16
Samlingsstunda:	16
Observasjon:.....	16
Ulike hjelpemiddel vi nyttar til observasjon:.....	17
Informasjon til føresette:	18
Leikedag og bok/speledag:.....	18
Bursdag:.....	18
Sjukdom	18
Samtykke/Helseerklæring	19
Merking av klede	19
Klede og utstyr.....	19
Kontaktinformasjon.....	20

Planen si oppbygging:

Planen bygger på Barnehageloven av 17. juni 2005 og Rammeplan for barnehagar fastsett av Kunnskapsdepartementet 2017, som gjev retningslinjer for innhaldet og oppgåvene til ein barnehage. Rammeplan er vår inspirasjon og rettesnor i det pedagogiske arbeidet.

Årsplan i Langhaugane barnehage tek utgangspunkt i desse dokumenta, vi delar årsplanen inn i fem hovuddelar:

Årsplan: som er det dokumentet du les no, denne planen har fleire funksjonar:

- Arbeidsreiskap for barnehagen sitt personale
- Utgangspunkt for foreldre si mogelegheit til å kunne påverke innhaldet i barnehagen.
- Grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen
- Informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til eigar, politikarar, kommune, barnehagen sine samarbeidspartar og andre interesserte.

Halvårsplan: som vi lagar til kvar kube, desse syner korleis barnehagen skal jobbe med det faglege innhaldet ut frå alder og modning. Denne tar utgangspunkt i barnehagen sitt årshjul for arbeidet med fagområda, denne finn du seinare i dokumentet.

Årsplan for førskulegruppa: Denne syner korleis vi jobbar med borna som går siste året i barnehage og overgang til skulen.

Plan for overgang heim – barnehage: Syner korleis barnehagen arbeider med tilvenning i barnehagen, med særleg vekt på dei minste ungene.

Plan for overgang mellom avdelingar: Syner korleis barnehagen førebur ungar på skifte av avdelingar.

I tillegg lagar vi fast **Månads-/vekeplanar:** i kvar avdeling eller kube, som tek utgangspunkt i månadens tema, og skal ivareta endringar og interesser i gruppene.

Ansvar og roller:

Barnehageeigar og alle som arbeider i Langhaugane barnehage, skal jobbe for å oppfylle måla og krav som ligg i rammeplan, med utgangspunkt i sine erfaringar og kompetanse. Dei neste avsnitta beskriv dei ulike partane si rolle i dette arbeidet.

Kommune/eigar:

Langhaugane barnehage er ein kommunal barnehage som er eigd av Sunnfjord kommune. Sunnfjord kommune har ansvar for å godkjenne barnehagen og føre tilsyn med at barnehagen er driven etter lov om barnehagar og i tråd med krav i rammeplan. Eigar har ansvar for å utarbeide barnehagen sine vedtekter.

Eigar legg til rette for eit samarbeid i barnehagesektoren for alle barnehagane i kommunen, både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar (private barnehagar). Arena for samarbeid er styrarsamling, der utarbeidar vi felles overordna langtidsplanar for sektoren, barnehagane får informasjon om det som er aktuelt i sektoren, vi planlegg felles fagutvikling og vi gjennomfører samordna opptak.

Einingsleiar:

Einingsleiar har det daglege ansvaret for barnehagen. Einingsleiar har ansvar for å planlegge, dokumentere, vurdere og utvikle det pedagogiske innhaldet og arbeidsmåtane i barnehagen. Vidare

har einingsleiar administrativt ansvar og ansvar for kontinuerlig oppfølging av økonomi og tilsette. Skal dette arbeidet fungere godt krev dette samarbeid med eigar, foreldre, dei pedagogisk leiarane, fagarbeidarar og assistentar.

Einingsleiar har ansvar for samarbeid med dei institusjonar som vi har ei plikt til å samarbeide med, som andre barnehagar i kommunen, skule, helsetenestene, PPT, BUP, Høgskulen og barnevernet.

Pedagogisk leiar:

Den pedagogiske leiaren har i samarbeid med styrar ansvar for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet for den barnegruppa eller det området han/ho er sett til å lede. Den skal gjere faglig vurdering av utviklinga til barn den har pedagogansvar for og følge opp med foreldresamtala og anna naudsynt samarbeid omkring barnet. Den har plikt til å planlegge, gjennomføre, vurdere, utvikle og dokumentere arbeidet i si gruppe/avdeling. Den pedagogiske leiaren skal delta i arbeidet for å utvikle barnehagen slik at denne er driven i tråd med lov og rammeplan, og drive rettleingsarbeid i eiga arbeidsgruppe.

Øvrige tilsette:

Fagarbeidarar og assistentar er med på planlegging av barnehagen og avdelingane sitt innhald. Dei har ansvar for planlegging av eigne gruppeaktivitetar, enkelte samlingstunder og kan få ansvar for delar av arbeid med fellesprosjekt. Fagarbeidar kan få ansvar for å gjennomføre foreldresamtalar.

Barnehageeigar og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplan med utgangspunkt i den kompetanse og den stillingar dei har.

Visjon og kjerneverdier i Sunnfjord kommune:

Langhaugane barnehage er eigd av Sunnfjord kommune som har følgjande visjon og verdier:

Visjon: Saman blir vi drivande gode

Verdier: Vi er EIN - Engasjert, Inkluderande, Nær

I barnehagen har vi utarbeida fleire kjenneteikn for kva som kjenneteiknar Engasjerte, Inkluderande og Nære tilsette, her er nokre av dei.

Engasjerande, Inkluderande og Nære tilsette;

- Engasjerer seg og viser interesse for alle, barn, foreldre og kollega.
- Er engasjert i barna og deira utvikling og trivsel.
- Er i møtekommande, tar andre sine synspunkt og opplevingar på alvor og høyrer kva barn, føresette og tilsette har å fortelje.
- Snakkar med alle, høyrer på barn, foreldre og kollega. Møter nye familiar og kollegar med respekt og verdsett ulikskapar.
- Gir ros til barn, foreldre og kollega. Jobbar for at alle skal ha ein god kvardag.
- Er positiv, tilstades og skapar gode relasjonar med barn og vaksne.
- Legg til rette for felles aktivitet der alle vert inkludert og deltakande utfrå sine ferdigheiter.
- Lagar rom for leiken og lar barn få medverke i leik og kvardagsaktivitetar.
- Tar ansvar for at alle vert sett, og møter barna sine kjensleuttrykk og gjev god omsorg og støtte til alle.
- Tar seg tid til det lille ekstra.
- Er tilgjengeleg i levering og henting slik at foreldre kan ta kontakt.
- Skapar tryggleik gjennom gode relasjonar, respekterer, ser lyttar og støttar barn, kollegar og føresette.

Barnehagen sitt verdigrunnlag:

Er utarbeida i samarbeid med foreldre i foreldremøte og alle tilsette i barnehagen:

I barnehagen skal vi arbeide for at alle barn får like mogelegheiter til å bli sett og høyrte. Barna skal bli møtt med tillit, respekt og anerkjening, slik at vi ivaretek barn sitt behov for omsorg, mestring og lek i fellesskap med andre.

Vi skal fremme demokrati og likestilling, og motarbeide diskriminering slik at borna utviklar nestekjærleik og ser på alle menneskje som likeverdige.

Personalet skal jobbe for og vere gode rollemodellar som kontinuerleg reflekterer over eigne verdiar og handlingar, og tek ansvar for å etterleve barnehagen sitt verdigrunnlag og pedagogiske plattform.

Barn og barndom:

Vi ser på barn som sjølvstendige individ med eigen personlegdom, som bidreg til sine omgjevnadar. Dei er små menneske som er født nysgjerrige, lærevillige og sosiale. BARN KAN OG VIL!

Vi skal ikkje snakke om barn når barnet eller andre høyrer på. Born forstår ikkje alltid konsekvensane av handlinga si, nokre born har ikkje same føresetnadar for å styre si impulsive handling. Vi skal vere medvitne om dette som rollemodellar, noko som stiller krav til oss som personale.

Vi skal rose positive handlingar og forklare kvifor noko ikkje er akseptabelt, og dette skal ha sitt utspring i felles reglar og oppfatning. Barnehagen har felles reglar som gjeld for heile barnehagen, dei blir presentert for barna ut frå barna sin alder og modning.

Viktig i dette er at personalet må kjenne det enkelte barn godt, for å kunne leggje til rette for den enkelte sine føresetnadar og utvikling. Vår oppgåve er å legge til rette for god utvikling på alle måtar gjennom eit planlagt pedagogisk arbeid.

Demokrati:

Kunnskap om det samfunnet eller det miljøet vi lever i og det å få mogeligheit til å påverke er viktige komponentar i demokratisk arbeid. Det å ha aksept for ulike meiningar og ha toleranse for kvarandre sjølv om vi er ulike er like viktig. I Langhaugane barnehage deltek dei eldste ungane i Barnerådet og gjennom rådet får vi barna si røst inn i planane våre. Samstundes får dei vere med å gjere val for barnehagen gjennom demokratiske prosessar ved avstemming for kva ein går vidare med i arbeidet.

I avdelingane får ungane gjennom medverknad vere med på demokratiske prosessar. Det vil vere tema i samling og skal settast ord på i det daglege arbeidet, når ein kjem opp i situasjonar som må gjerast avveingar og avstemmingar i. Som oftast må ein gjere val som gagnar fellesskapen framfor enkelt individet, sjølv om det kan vere vanskelig for den det gjeld. Dette skal vi reflektere over. Vi skal jobbe med at tilsette er seg bevisst situasjonar det høver seg å setje ord på at vi er ein del av ein større fellesskap. Vi skal sette ord på at det er normer og reglar som ligg til grunn i samfunnet, som dannar utgangspunkt for kva vi i barnehagen set opp som rett og gale. Det er ein etikk som ligg i botnen for kva vi set opp som reglar. Sjølv om mange har lyst til noko, betyr det ikkje at det kan gjennomførast, dersom det er uetisk eller vil vere krenkande for andre.

Små barn uttrykker seg på mange måtar, verbalspråket er berre eitt av dei. Både lydar, kroppsspråk, mimikk og handlingar er måtar barn gir uttrykk for kva dei vil. For dei som ikkje har utvikla eit språk



endå, blir observasjon og tilpassingar ut frå språklege signal og kroppsspråk viktig å ta med seg inn i praksisen.

Mangfold og gjensidig respekt:

Barnehagen vår har mange barn og tilsette som kjem frå ulike kulturar. Personalet skal sette ord på at vi er forskjellige, kan ha forskjellige meiningar og at det skal vere aksept for dette i gruppene. Vi skal jobbe for at ulikskapar skal verdsettast som ressursar til gruppa, ulike ferdigheiter bidreg med variasjon til fellesskapen.

Likestilling og likeverd:

Vi skal ha fokus på likestilling i det pedagogiske arbeidet, fokuset skal vere at alle barn får like mogelegheiter, ikkje berre ut frå at dei er gut, jente eller kva bakgrunn dei har. Målet er ikkje at vi skal gjere jenter til gutar eller omvendt. Det handlar om at tilsette skal møte barna og gje dei same mogelegheiter uavhengig av kjønn, funksjonsevne, foreldre si seksuell orientering, etnisitet, kultur, religion eller livssyn. Det inneber at alle skal ha like mogelegheiter til å delta i forskjellige aktivitetar, og at barn ikkje skal tilleggas eigenskapar ut frå kjønn eller bakgrunn. Vi skal vere nysgjerrige og lære nye ting saman med borna, og vi skal reflektere over eigne holdningar i fellesskap, for best mogeleg å fremje likeverd og likestilling i barnegruppene.

For dei eldste kulla (3-6 år) brukar vi deling i gute- og jentegrupper i gruppetida ein dag i veka. Bakgrunn for dette er at vi var med på eit likestillingsprosjekt der vi fekk midlar frå fylkesmannen i 2013-2014, i prosjektet las vi teori om likestilling og prøvde ut ulike metodar som kunne fremme likestilling. Kjønnsdelte grupper nokre timar for veka er ein metode for å arbeide med likestilling (Temahefte om likestilling i det pedagogiske arbeidet i barnehagen, Kunnskapsdepartementet 2006, s. 37). Dette handlar om at ein gir barna moglegheit for meistring på nye område. Vi ser til dømes at når gutane har tilgang på dokke- og kjøkkenkrok åleine, er dei meir aktive og tek nye roller enn når begge kjønn er med. Tilsvarande får jentene ofte meir spelerom når dei kan bygge togbane og køyre med bilar utan at gutane er med. I fri leik på fabelen boltrar gutane seg ofte meir enn jenter, men er det berre jenter der heng dei plutselig i ribbeveggen og boltrar seg på madrassane i større grupper.

Bærekraftig utvikling:

Dette er eit nytt krav i rammeplan som vi skal jobbe med i tida framover. Vi skal sjå på korleis barnehagen praktiserer bærekraftig utvikling i praksis. Vi skal gjere endringar over tid som gjer at vi får ein meir bærekraftig praksis som ungane skal vere ein aktiv del av.

Enklast syner vi det i praksis med å lag mindre kretsløp, t.d. å vise i kjøkkenhagen vår korleis vi legg til rette, sår, stelle og sankar inn ressursar for å illustrere/lage bilde på det med berekraft. At det vi gjer i dag har betydning for dei som kjem etter oss, og at stellet plantane får kan få betydning for korleis dei veks. I tillegg til å setje ord på miljøutfordringar, og snakke om aktuelle tema som blir snakka om i media og i politikken.

Vi er mykje ute på tur og i naturen, vi legg opp til turar både med og utan nistepakke. Vi lagar mykje mat ute i naturen når vi er på turar, og når vi er i uteprojekt. Vi har eigen utfluktsplan som syner dei lengre turane vi legg opp til kvart barnehageår, slik at opplevingane blir varierte.

Livsmestring og helse:

Her kan de lese kva rammeplanen seier om livsmestring og helse:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/verdigrunnlag/livsmestring-og-helse/>

Barnehagen er ein arena der barn med forskjellig bakgrunn får like moglegheiter for utvikling. I barnehagen får alle delta i eit sosialt fellesskap, og grunnlaget for livslang læring vert lagt her. Gjennom eit godt barnehagetilbod kan vi ruste barna for det dei vil møte seinare i livet; utdanning, yrkeslivet og generelt å handtere livet med sine opp- og nedturar. Den «bagasjen» barna får med seg frå barnehagen blir såleis viktig for resten av livet deira.

Sunnfjord kommune er med i ei satsing som heiter Inkluderande barnehage og skule, dette er ei opplæring som rettar seg mot alle tilsette i barnehagen. Opplæringa er delt inn i to hovuddelar: Modul 1: Undersøke, analysere og avdekke alle krenkingar Modul 2: Handtere krenkingar for å trygge eit trygt og god barnehagemiljø Modul 3: Fremme eit trygt miljø og førebygge krenkingar. Dette blir ei viktig satsing for å utvikle tilsette sin kompetanse for å jobbe førebyggjande mot mobbing og krenking.

Vi har eit verktøy som heiter «Psykologisk førstehjelp» som vi fast arbeider med i gruppene. I tillegg nyttar ein det i det daglege som eit verktøy til hjelp for å sortere tankar for barn. Der raude tankar er tankar som gjer vondt, som gjer at vi blir lei oss, sinte eller liknande. Grøne tankar er gode tankar som gjer oss glade og gjer at vi gleder oss.

Barnehagen har eit variert uteområde. Vi brukar også naturen og nærmiljøet aktivt for å gi barna dagleg fysisk aktivitet, stimulere rørsleglede og motorisk utvikling. Alle har utetid kvar dag, i tillegg har alle grupper minimum ein turdag i veka. Vi brukar Fabelen, som er eit gymrom/aktivitetsrom med god plass og mykje forskjellig utstyr. Alle grupper har fast tid i Fabelen kvar veke. Når vi er i Fabelen har vi tilrettelagte aktivitetar som hinderløyper, dramatisering, dans, Mini-Røris, balleik og regelleikar, tilpassa alder, modning og interesser hos barna.

Vi serverer tre måltid kvar dag i barnehagen: frukost, lunsj og eit fruktmåltid. Barna deltek i førebuing og opprydding etter måltida, tilpassa alder og modning. Vi har matdagar to gongar per månad der vi bakar eller lagar varm mat til lunsj. Vi legg vekt på at barna skal vere aktivt med i matlaginga, og at måltid og matlaging skal fremme matglede og sunne helsevanar. Vi varierer bruk av råvarer, og brukar også råvarer vi har dyrka sjølv i barnehagen sin kjøkkenhage.

Det skal vere ein balanse mellom aktivitet, ro, kvile og avslapping gjennom dagen. Dei minste som søv i vogn på dagtid får sove når dei treng, det er barna sine behov som styrer sovetidene. Vi har kvilestund etter lunsj, for dei som er slutta å sove i vogn. Om nokon har behov for å sove i kvilestunda, får dei gjere det. Lengda på kvilestunda vert tilpassa kvart enkelt barn, alle treng ikkje ligge like lenge.

Vi har samarbeida med Støttesenteret mot incest for Sogn og Fjordane. Heile personalet har fått opplæring i avdekking og førebygging av seksuelle overgrep. I tillegg har vi fått innføring i eit program som heiter Hjartesamling. Det er eit verktøy vi brukar saman med barn for at dei skal få kunnskap til å sette grenser for eigen kropp, dette kjem vi til å bruke fast på ulike aldersgrupper.

Barn sin rett til medverknad:

«Barnehagen skal sikre barn sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barn kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen..... Barn skal jamleg få

høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda.» Rammeplan for barnehagen, s. 27.

Barnerådet, medverknad på administrasjonsnivå:

I Langhaugane barnehage har vi Barneråd for dei eldste ungane i barnehagen (førskulegruppa). I rådet får dei komme med innspel på kva dei vil ha meir eller mindre av som aktivitetar, og kva som er viktig for dei å ha av aktivitetar og utstyr t.d. I tillegg får dei informasjon om Elevrådet dei vil møte i skulen. Dei får kjennskap til demokratiske prosessar med avstemmingar for kva saker ein skal gå vidare med av saker til planarbeidet og økonomiske prioriteringar. Gjennom barnerådet får barna påverke på administrativ nivå og komme med innspel til overordna planar. I barnerådet møter dei Einingsleiar eller Ass. Einingsleiar.

På avdelingsnivå:

«Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om seine egne vilkår. Barnehagen må observere og følge opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn» Rammeplan for barnehagen, s. 27.

Personalet brukar observasjonar og samtalar med barna som grunnlag for planar, til dømes vel vi ut tema for enkelte prosjekt etter interesser hos barna. Vi legg til rette det fysiske miljøet ut frå det vi ser fenger barna, til dømes organiserer vi leikar og utstyr på ulike grupperom ut frå kvar enkelt barnegruppe sine ynskjer og behov. Dei eldste er med på planlegging av turar, og får medverke gjennom heile prosessen med planlegging, gjennomføring og evaluering av tur. Dei yngste som er meir «her og no», får medverke gjennom å peike ut kvar vi skal gå når vi kjem ut porten.

Barna sin rett til medverknad inneber at det vi vaksne kan ha planlagt, vert om til noko heilt anna undervegs i prosessen. Det er nettopp dette som er medverknad; at barna erfarer at dei påverkar det som skjer i barnehagen. Personalet må vere fleksible og tilpasse opplegg etter kvart, til dømes om vi er på tur og skal sjå etter vårteikn, men barna heller vil sjå på køyretøy, så vert det ein tur med fokus på det vi ser av køyretøy. Vi må ta oss tid til å følgje opp barna sine initiativ, la dei få kome til orde og vise oss kva dei er opptekne av.

Samarbeid mellom heim og barnehage:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/samarbeid-hjem-barnehage/>

Barnehagen gjennomfører oppstartssamtale når barnet startar i barnehagen. Oppstartssamtala er viktig for å verte kjend med både barnet og foreldra, og skape grunnlag for eit godt samarbeid.

Vi har foreldresamtalar to gongar per år, der barnehagen i samråd med foreldre gjer ei vurdering av barnet sin trivsel og utvikling. På heimesida vår ligg planar for overgangar frå heim-barnehage, mellom avdelingar og barnehagar og overgang får barnehage til skule.

Samarbeidsutvalet (SU) og Foreldreutvalet for barnehagen (FUB) har eigen vedtekter i Langhaugane barnehage. Dette er viktige organ for å utvikle samarbeidet mellom heim og barnehage. (Dette kan ein lese meir om på side 16).

Barnehagen sitt føremål og innhald:

Omsorg:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-formal-og-innhold/omsorg/>

Omsorg er grunnsteinen i alt vi gjer, og handlar om at vi som personale i barnehagen evnar å oppfatte, tolke og respondere på barn sine signal. Dette gjeld både dei fysiske og emosjonelle behova til barna. Omsorga skal prege både dei kvardagslege rutinane kring mat, stell og kvile, så vel som at barna skal kjenne seg sett, forstått, vere trygge og ha tillit til dei vaksne som er rundt. Barna skal få knyte seg til personalet, og skape relasjonar både til vaksne og andre barn. Vi skal gje barna trygge rammer, og vere tilgjengelige og sensitive for barna sine signal. Tryggleik og trivsel er nødvendig for å utvikle seg vidare, og for å gje barna utfordringar og moglegheit for mestringskjensle. Alle barn skal kjenne seg inkludert og ønska i barnehagen, uansett kva behov barnet har. Ulike barn har ulike behov, og personalet må ta omsyn til dette. Vi verken kan eller skal behandle alle likt til ei kvar tid, fordi barna sine behov er så forskjellige. Dette kan til dømes vere alt frå behov for trøst, eit fang å sitte på, ein til ein tid med ein vaksen, til ulike utfordringar, oppmuntring for å prøve ting sjølv, eller grensesetjing. Vi skal vere «støttande stillas», det vil seie at vi gir barna den hjelp og støtte dei treng for å kunne meistre på eiga hand.

Barn treng å få omsorg for å kunne vise omsorg for andre. Vi vaksne er rollemodellar for barna, og den omsorga vi gir barna syner att i den omsorga barna har for kvarandre. Då vil vi sjå barn som syner empati og omsorg for kvarandre, som inkluderer andre i leik, trøstar, oppmuntrar andre, og som omtalar andre på ein positiv måte.

Leik:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-formal-og-innhold/lek/>

Vi kan skilje mellom frileik og organisert leik i barnehagen. Frileik er ein indre motivert, lystbetont aktivitet som er igangsett av barna sjølv. Den er spontan og skjer på barns egne premissar. Barna styrer leiken, den skjer på deira initiativ, og fordi dei sjølv vil. I frileiken er ingenting «feil», og vaksne definerer ikkje kva som er «riktig» til ei kvar tid i leiken. Vaksne skal likevel støtte og delta, ved at ein er i nærleiken og tilgjengelige for barna. Barn leikar mange ulike typar frileik; til dømes konstruksjonsleik, rolleleik, tumleleik/motorisk leik, parallelleik, funksjonsleik, og ulike typar utforskande leik.

I motsetning til frileik er organisert leik igangsett og vedlikeheldt av ein vaksen, der vaksne set premissane for leiken. Det er fastsett mål og rammer rundt, men ut frå barna sine interesser og medverknad. Til dømes leikegrupper med eit visst tema, strukturert av ein vaksen. I organisert leik har gjerne den vaksne lagt ein plan for leiken, med fastlagt innhald, metode, og målsetjing.

Vaksne skal legge til rette for leik. Det inneber at vi er nær barna, at vi hjelper og støttar barn som til dømes strevar med å få innpass i leiken, eller når leiken stoppar opp. Vi skal inspirere barna til ulike typar leik, og organisere tid, rom og leikemateriale. Vi skal vere deltakande, og gå inn når det er behov for det. Sjå side 11 der vi utdjupar korleis vi arbeider med vennskap.

Læring:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-formal-og-innhold/laring/>

Vi meiner at barn lærer i naturlege omgjevnadar og i samspel med andre, læring skjer gjennom erfaring frå prøving og feiling. Barn har store medfødde ressursar som vi må nytte. Vårt fokus er å trekkje fram mestring og det positive barn gjer, vi må vere nær for å få dette til. Vi skal lage rom for at barna skal tore å prøve og stimulere til utvikling, for positiv læring skjer gjennom mestring ut frå der barnet er.

Vi kan skilje mellom formelle og uformelle lærings situasjonar i barnehagen. Uformell læring skjer i dei daglege aktivitetane, både i omsorgssituasjonar og leik. Barna lærer mens dei gjer, og det skjer i samspel med andre. Vaksne er tilgjengelige og nær barna, vi set ord på det som skjer og undrar oss i lag med barna. Gjennom undring og handling lærer barna spontant. Vaksenrolla er viktig, vi må sjå moglegheiter for ein god lærings situasjon; delta, støtte og oppmuntre til barn si læring.

Formell læring i barnehagen skjer gjennom planlagde og organiserte aktivitetar, til dømes gjennom samlingsstund. Det som skil den formelle frå den uformelle læringa, er at det er planlagt på førehand kva ein skal gjere, korleis ein skal gjere det, og kvifor ein gjer det – vi har sett opp innhald, metode og mål for aktiviteten. Det kan vere grupper, organiserte leikesituasjonar, språktrening, kvardagssituasjonar der det er lagt opp til læring (til dømes påkleding, måltid, dekke på bord osv.) Ein har definert noko som skal skje, og sett rammene rundt. Rammeplan, fagområde osv. ligg til grunn for det ein set som mål.

Danning:

Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samstundes rommar danning alt dette, gode danningssituasjonar set barn i stand til å handtere livet, ved at dei utviklar evna til å forholde seg prøvande og nysgjerrig til omverda og til å sjå seg sjølv som eit verdifullt medlem av ein større fellesskap. I barnehagen skal barne få vere med å bidra til felles reglar og normer som er viktige for å ha det godt i eit fellesskap. Barna skal få vere med å delta i avgjerdsituasjonar og vere med å utvikle felles innhald i barnehagen. Dei skal støttast til å gje uttrykk for synspunkt og personalet skal bidra til å skape mening for dei i den verda og den kvardagen dei er ein del av.

Danning ein livslang prosess som blant anna handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne og andre sine handlingar og væremåte. Personalet skal hjelpe born til å sette ord på ulike kvardagsepisodar, kjensler og kva som skjer i til dømes konfliktsituasjonar for å trene evna til refleksjon over eigne og andre sine handlingar.

Sosial kompetanse, vennskap og fellesskap:

Vennskap:

Vi skal jobbe med vennskap og relasjonar slik at ungene får respekt og omsorg for kvarandre. Dette betyr ikkje at alle skal leike like mykje med alle, men vi skal ha toleranse for kvarandre. Nokre gongar skal vaksne kunne skjerme god leik slik at leiken får halde fram og nokre kanskje må vente på «tur» før dei får vere med den dei ynskjer aller mest å leike med.

Oppløving vi ekskludering eller har ungar som har utfordringar med å få innpass i leiken, skal vi lage til grupper som fremmar



barn sine ferdigheiter. I tilrettelagte smågrupper kan vi lettare fremme barn sine ressursar og gjere denne meir «populær» ved å legge opp til aktivitetar som syner barnet sine evner, interesser og ressursar til dei andre. Som vaksne skal vi jobbe aktivt for å skape interesse hjå dei andre barna.

Dei stille og sjenerte ungane:

For dei er smågruppene veldig viktige, desse hevdar seg ikkje i stor gruppe og kan verte nærmast «usynlege» i gruppa om ikkje personalet er merksame på deira utfordringar. Vi lagar eigne leikegrupper til born som er «stille» og legg opp til at desse får ekstra mykje gruppetid saman med faste vaksne. Dette for og gje dei tid, rom og tryggleik til å verte kjend med dei vaksne, hevde seg sjølv og sikre dei venskap i gruppa.

Arbeid med fysisk utagering:

Som personal skal vi vere til stades! Born skal få vise kjensler, det er normalt å verte sint, men vi skal ikkje ta dette ut på andre. Vi skal jobbe for å lære born å handtere sinne, vi må gje dei handlingsalternativ for kjensler.

Vi aksepterer ikkje fysisk utagering, men det vil førekomme. Vi skal ha felles arbeidsmåtar og konsekvensar for handlingar ut frå alder og modning. Vi skal unngå at born gjennom fysisk utagering får det som dei vil.

Nedsett impuls kontroll:

Alle barn handlar meir eller mindre impulsivt, men nokre barn har nedsett impuls kontroll og har betydelig større vanskar med å styre sin impulsivitet. Dette er barn som mot slutten av tida i barnehagen, eller kanskje etter at dei er komne over i skulen gjennom modning kan endre åtferd eller kan få ei åtferdsdiagnose, eller det kanskje vert avdekka omsorgssvikt/overgrep.

Dei fleste av oss fungerer slik at vi tenkjer ut kva vi skal gjere, handlar ut frå dette og reflekterer over det som hende i etterkant. Born som har denne typen utfordringar har så mykje stress/eller så høgt tempo i nervebanene i hjernen at dei: handlar utan å rekkje å tenke, erfarer kva som skjedde/dei gjorde og tenkjer over dette i etterkant. Desse barna vil erfaringsmessig komme opp i fleire uheldige situasjonar enn sine jamaldrande, vi skal jobbe systematisk for å støtte desse ungane.

Verbal utagering:

Det er viktigare for oss å jobbe med omtale/utsegn som kan vere sårande og krenkjande, viktigare enn at banning i barnegruppa ikkje skal førekomme. Når eit barn nyttar eit banneord for første gong, og dette ikkje rettar seg mot andre for å såre kan vi ofte velje å oversjå det for å unngå å gje det merksemd, så går det kanskje over av seg sjølv. Vert det mykje banning snakkar vi med den eller dei det gjeld, om at dette ikkje er fint og seier, at det ikkje passar å banne i alle samanhengar og særleg ikkje i barnehagen.

Mobbing:

Mobbing er ikkje eit isolert fenomen som oppstår mellom den som mobbar, og den som vert mobba. Nyare forskning definerer mobbing som sosiale prosessar på avveie og følelsar på ville vegar (Søndergaard, Lund 2012). Dersom ein skal klare å førebygge og handtere mobbing, må ein jobbe med alle faktorar kring dei involverte, og sjå på kva som kan fremme eit godt miljø for alle.

Alle barnehagane og skulane i nye Sunnfjord kommune deltok i eit prosjekt kalla «Inkluderande barnehage og skule». Prosjektet gjekk over 1,5 år, og er ei kompetanseheving der heile personalet

deltar i ein utviklingsprosess på egen arbeidsplass, med tydelige mål alle skal strekke seg mot. Hensikta er å utvikle barnehagens samla kapasitet i arbeidet med eit inkluderande miljø fritt for krenkingar. Den optimale tilstanden vi skal strekke oss mot er formulert slik:

«I vår barnehage arbeider vi kontinuerlig og systematisk med å fremme et trygt og inkluderende barnehagemiljø, og med å oppdage, undersøke og forebygge alle former for krenkelser. Vi stopper krenkelser og følger opp med egnede tiltak helt til barna opplever at de har et trygt og inkluderende miljø.» Dette krev systematisk arbeid over lengre tid.

Kommunikasjon og språklig kompetanse:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/barnehagens-formal-og-innhold/kommunikasjon-og-sprak/>

«Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape meining. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling» (Rammeplan for barnehagen, s. 23).

Vi arbeider med fagområdet «Kommunikasjon, språk og tekst» kontinuerleg gjennom heile året. Fagområdet syner att gjennom heile barnehagedagen; til dømes samlingsstund der vi brukar visuell dagsplan, namnelappar, rim, regler, song og ulike eventyr, bøker m.m. Halvårsplanane for kubane viser meir konkret korleis vi tilpassar innhaldet etter alder og modning, kva prosjekt vi jobbar med osv.

Arbeidsmåtene til barnehagen:

Progresjon:

Det er nye forventningar som har komme til barnehagearbeidet. Progresjon i kva barna møter i barnehagen har ein alltid jobba med, men kravet til å synleggjere og tenkje gjennom korleis ein legg opp eit fagleg innhald ut frå alder, og at det er samheng mellom avdelingane, er blitt tydeleggjort i ny rammeplan. Vi har ein eigen progresjonsplan for det faglege innhaldet i barnehagen, denne ligg på heimesida til barnehagen.

Alle barn skal få utvikle seg og lære i barnehagen, alle skal oppleve framgang og progresjon i innhaldet slik at dei utviklar seg, det skal barnehagen legge til rette for. Vi skal utvide og byggje vidare på barn sine interesser og jobbe ut frå det utviklingsnivå barna er på. Barna skal ha varierte oppgåver og opplevingar. Barnehagen skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leikar, materiale og utforming av miljøet. (jf. Rammeplan for barnehagen 2017)

Digital praksis:

Rammeplan seier at den digitale praksisen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Teknologien skal støtte opp om barn sine læringsprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar. I samband med bruk av digitale verktøy skal personalet vere aktive saman med barna, og dei skal brukast med digital dømmekraft og omhug å ikkje dominere som arbeidsmåte. (Rammeplan,2017)

Barnehagen sin digitale praksis:

Her er eit utdrag frå barnehagen sin rutine for digital praksis, som fortel kva vi har som utgangpunkt vårt for bruk av digitale verktøy:

Alle digitale verktøy skal nyttast i samarbeid med vaksne

Aktuelle digitale verktøy:

Fotoapparat, filmkamera, kopimaskin, I-pad, pc, skrivar, mikrofon, lyd-opptak, lamineringsmaskin, teikneprogram, PowerPoint, mikroskop og så vidare.

Nettsøk:

Alle nettsøk skal vere gjort på førehand, du skal kvalitetssikre det du skal bruke saman med barnegruppa.

Personvern:

Det skal hentast inn samtykke til bruk av bildeinformasjon på internett, til media og heimesider.

Barnehagen sitt arbeid med fagområda:

HAUST:

September, Oktober og November:

2018-2019, 2020-2021

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Natur, miljø og teknologi
- Kunst, kultur og kreativitet



2021-2022, 2019-2020

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Tal, rom og form
- Nærmiljø og samfunn

VINTER:

Desember, Januar og Februar:

2018-2019, 2020-2021

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Etikk, religion og filosofi
- Tal, rom og form



2021-2022, 2019-2020

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet

VÅR:

Mars, April og Mai:

2018-2019, 2020-2021

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Nærmiljø og samfunn



2021-2022, 2019-2020

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Etikk, religion og filosofi
- Tal, rom og form

SOMMAR:

Juni, Juli og August:

2018-2019, 2020-2021

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Kropp, rørsle, mat og helse



2021-2022, 2019-2020

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Natur, miljø og teknologi

Barnehagen som pedagogisk verksemd:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/pedagogisk-virksomhet/>

Planlegging, vurdering og dokumentasjon:

Vi arbeider kontinuerleg med planlegging, vurdering og dokumentasjon av arbeidet vårt. Dette skjer både gjennom kvar enkelt tilsett sitt arbeid, og i fellesskap. Personalet har faste møte der vi planlegg, vurderer og reflekterer kring eigen praksis. Vi har pedagogisk leiarmøte kvar veke, der pedagogiske leiarar og styrar deltek. Døme på saker kan vere planlegging av felles hendingar som til dømes karneval, utarbeiding av reglar, rutinar og plandokument osv. Kvar kube har kubemøte annakvar veke, styrar deltek på dei fleste møta. Noko av det vi gjer i kubemøta er planlegging og evaluering av prosjekt i gruppene, avtale oppfølging og tiltak kring enkeltbarn, fordele ansvar osv. I desse møta har vi faste gjennomgangar av barnegruppa i førekant av foreldresamtalane, og tilbakemeldingar etter foreldresamtalane. Personalmøte har vi 6-8 gonger per år, der arbeider vi med meir overordna saker; til dømes med pedagogisk plattform, fagutvikling på ulike område, ulike prosjekt og satsingsområde osv. som gjeld heile barnehagen.

Tilrettelegging for barn som treng ekstra hjelp og støtte:

Barnehagen har plikt til å tilpasse opplegget etter kvart enkelt barn sine behov. For å gjere dette deler vi avdelingsgruppene inn i faste mindre grupper, dette slik at vi ser kvart enkelt barn betre. I små grupper ser vi ofte nye sider hos ungane, og vi gjev dei utfordringar som passar til deira utvikling,

og dei får vere med å bestemme ein del av innhaldet og aktivitetane. Vi sikrar gruppene med trygge og kjende vaksne.

Når vi delar inn gruppene og planlegg aktivitetane tek vi omsyn til alder, modning, utvikling og interesser, i tillegg ser vi etter gode relasjonar og moglegheit for nye relasjonar og venskap. Nokre barn kan ha behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Vi kontaktar foreldra dersom vi set inn tiltak for ein periode. Dersom barnehagen vurderer det slik at barnet treng hjelp frå andre instansar, er vi pliktig å opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Overgangar:

Når barnet startar i barnehagen:

Sjå eigen plan på barnehagen sine heimesider.

Overgang mellom avdelingar:

Sjå eigen plan på barnehagen sine heimesider.

Overgang mellom barnehage - skule:

Sjå plan for Førskulegruppa på barnehagen sine heimesider.

Del 2 : Praktisk informasjon:

Frammøte:

Når barnet begynner i barnehage er det viktig at dei kjem regelmessig, for å bli kjend med vaksne, dei andre barna og rutinane i barnehagen. Ved beskjed om fri eller sjukdom ringer foreldra til Kuba på tlf. som de finn bak i planen. Frukost er frå 0700 til 0900, barnet må vere komne i barnehagen til kl. 09.30, for at dei skal kunne få delta i fellesaktivitetar og turar.

Foreldrebetaling:

Informasjon om pris for foreldrebetaling finn de på Sunnfjord kommune sine heimesider:

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/pris-og-betaling-for-barnehageplass/>

Foreldrebetaling er 1 gong for månaden og August er betalingsfri.

Opptak og oppseiing av plass:

Opptak i Langhaugane barnehage gjeld frå melding om plass til barnet tek til i skulen, om ein ikkje gjev melding om endring. Barnhageåret går frå skulestart til skulestart kvar år. Oppseiingstida er 3 mnd., oppseiingsmånaden og to påfølgande månadar. Ynskjer foreldre å endre plass ved nytt barnehageår må dei søkje på internopptak i slutten av februar, informasjon vert hengt opp i avdelingane.

Planleggingsdagar:

Vi har 5 planleggingsdagar i løpet av året. Desse blir brukt til planlegging av det pedagogisk innhaldet i barnehagen, og til kurs for personalet.

Foreldresamtalar/møte:

Haust og vår blir de kalla inn til foreldresamtale, det blir hengt opp lister med tider som pedagogen som har ansvar for ditt barn har ledig til å gjennomføre samtalar, eller det blir ringt opp for å avtale

tid for samtale. Vi forventar at foreldre deltek på foreldresamtala, der tek ein opp barnet si utvikling heime og barnehagen. Foreldre kan heile året ta kontakt og be om ein samtale dersom de ynskjer det.

Det blir halde foreldremøte kvar haust, om det skulle komme til saker som må takast opp kan det bli sett opp ekstra møter. Vi håpar flest mogeleg kan sette av tid til møte på hausten. Har de som foreldre saker de ynskjer skal takast opp kan de melde det til styrar eller samarbeidsutvalet.

Foreldreråd og Samarbeidsutval (SU):

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/samarbeid-hjem-barnehage/> 3. avsnit

Foreldrerådet er eit lovpålagt organ og består av samtlige foreldre til alle barna i ein barnehage jf. § 4. Foreldreråd og samarbeidsutvalg i barnehageloven.

Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre/føresette og tilsette i barnehagen, slik at gruppa er likt representert. Dei skal vere med og godkjenne årsplanen. Barnehageeigar kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Barnehageeigar skal syte for at viktige saker vert lagt fram for foreldreråd og samarbeidsutval.

Informasjon om kven som er representantar i SU finn de på Sunnfjord kommune sine sider – Langhaugane barnehage.

Foreldre er med på å påverke barnehagen sitt innhald gjennom foreldresamtalar, foreldremøte/foreldrerådsmøte, brukarundersøking og møter i samarbeidsutvalet.

Foreldreutvalet for barnehagar FUB: for foreldre med barn i barnehagen: www.fubhg.no

I avdelingane:

Mat:

Barnehagen tilbyr tre måltid for dagen, frukost, lunsj og fruktmåltid.



Samlingsstunda:

Ein viktig formell læringssituasjon i barnehagen for formidling og styrking av fellesskapskjensla i den gruppa barnet høyrer til. I samlingsstunda får ungane trening i lytting, vente på tur, konsentrasjon, språk, omgrep og regelleikar til dømes. Tema i månadsplanane dannar grunnlag for kva personalet planlegg innhaldet ut frå, tilpassa barn si alder og modning.



Observasjon:

Å observere er noko personalet gjer heile tida, det å observere inneber at vi samlar informasjon om kva barn seier, gjer, syner i from av kroppsuttrykk, kven dei er saman med og kva dei leikar med. Vi observera for å gjere oss opp eit inntrykk av korleis barnet utviklar seg og trivast i barnehagen, slik at ein kan legge mest mogeleg til rette for den enkelte.

Ein har den daglegdagse observasjonen som ein gjere gjennom heile dagen, og den profesjonelle observasjonen som ein gjer etter bestemte reglar, eller nyttar skjema og godkjende testar for å meir konkret kunne seie noko om eit barn si utvikling. Den profesjonelle observasjonen skal vi jobbe mykje med dei kommande åra i prosjektet «Inkluderande barnehage og skule».

Ulike hjelpemiddel vi nyttar til observasjon:

Dei pedagogiske leiarane vil bruke testane på barn i gruppa der foreldra har godkjent dette med samtykke.

Askeladden: Testen blir brukt når tilsette skal øve på å bruke den, så den blir nytta med jamne mellomrom. Testen er ein enkelt måte å gjere ei enkel måling på barnet si språkutvikling innan for områda: Omgrepsforståing, eventuelle uttalevanskar, setningskonstruksjon, taktil formoppfatning m.m.

Alle med: er eit kartleggingsmaterieil som vi nyttar for å kartlegge barna si utvikling. Utviklinga vi vurderer er: Sosio-emosjonell utvikling, språk, sansing/motorikk, kvardagsaktivitetar, trivsel og leik. Dette er ikkje ein test, men ei registrering og systematisk vurdering av barna si utvikling.

Fokus-på tidleg innsats: Kartleggingsverktøyet bidrar til ei enklare, raskare, konkret og faglig kontakt med fagpersonar i PPT og føresette. I tillegg skal det hjelpe barnehagen å komme tidligare i gong med tiltak.

Tidleg Registrering Av Språkutvikling: TRAS Dette er eit observasjonsmateriale som barnehagen har kurs i, denne kartlegginga går mykje djupare inn i barn si språkutvikling.

Språk 5-6: Blir nytta på barn det året dei fyller 5 til dei blir 6 år, dette er ein enkel screeningtest som seier noko om setningsminne, ordspenn og omgrep eit barn kan. Testen kan gi verdifull informasjon å raskt identifisere barn med ein mulig språkvanske som kanskje bør vidare utgreiast før lese og skriveopplæringa tek til på skulen.

Dagsrytma/plan for dagen:

Kl. 07-09	<ul style="list-style-type: none"> • Frukost og Frileik
Alle barn skal vere komne til kl. 09.30	
Kl. 09.30	<ul style="list-style-type: none"> • Vi ryddar og tek til med ulike aktivitetar.
Alle avdelingar tek samling anten før dei tilrettelagde aktivitetane eller før mat/frukt	
For grupper under 3 år:	<ul style="list-style-type: none"> • Påkledning for dei som skal ut • Sjekk av bleier • Tilrettelagde aktivitetar, utetid eller tur (i vinterhalvåret er dei minste ute på føremiddagen)
For grupper over 3 år:	<ul style="list-style-type: none"> • Tilrettelagde aktivitetar/grupper eller tur. Som hovudregel delar vi slik at halvparten er ute og halvparten er inne i kvar avdeling, så byter vi etter lunsj. • Sjekk av bleier for dei som brukar det
Ca. kl. 11.00 til 11.30	<ul style="list-style-type: none"> • Handvask, toalettbesøk/bleieskift • Måltid • Vaske hender og ansikt
Ca. kl. 12.00 til 12.30	<ul style="list-style-type: none"> • Soving for dei minste/Bleieskift • Kvilestund for dei som er eldre
Ca. 12.30 til 13.00	<ul style="list-style-type: none"> • Påkledning for dei som skal ut • Ny aktivitet i grupper ute eller inne, alt etter kva du har vore før på dagen

Ca. 14.30	<ul style="list-style-type: none"> • Handvask og fruktmåltid • Bleieskift/Toalettbesøk • Vaske hender og ansikt
Ca. 15.30	<ul style="list-style-type: none"> • Sjekk av bleier
Kl. 16.45	<ul style="list-style-type: none"> • Alle barna er henta/barnehagen er stengt

Dagsrytmen kan vere litt ulik for dei ulike avdelingane t.d. ute-tid, måltid og bleieskift, den kan og verte endra litt gjennom året, særleg for dei minste gruppene. Det som ligg fast er tid for frukost 07.00 til 09.00 og oppstart av fellesaktivitetar kl. 0930 og stengt kl. 16.45.

Førskulegruppa har berre ei hovud toalett økt, denne ligg før ein går ut og/eller før mat, elles går dei på do sjølv når dei treng det.

NB, NB, NB:

Det er 1 vaksen på første tidlegvakt i kvar kube, så følg barna inn til frukostbordet når de kjem. Slik at den vaksne ikkje må overlata barn utan vaksen tilsyn inne i avdelinga.

Informasjon til føresette:

Kvar dag orienterar vi kort om kva avdelingane og gruppene har brukt tida til i ein e-post med tittel: «Dagen i dag». I tillegg legg vi vekt på å ha møtepunkt med foreldre ved levering og henting. Anna informasjon føresette bør vere orientert om blir lagt ut på heimeside, sendt i e-post eller på sms om det er kort varsel. Om det er svært viktig informasjon kan det komme ut som «Sekkepost».

Driftsplanar, Halvårsplanar, Årsplanar og månadsplanar legg vi ut på barnehagen si heimeside.

Leikedag og bok/speledag:

I barneråd har ungane uttrykt at **leikedag/ha med dag** er viktig for dei, slik at dei kan vise ein leike, ei bok eller prøve ut eit spel saman med vener i barnehagen. For alle har ikkje lik mulighet til å besøke kvar andre, noko som gjer at vi vil bruke meir tid på dette i våre planar.

Difor legg vi opp til leikedag eller bok/speledag annakvar fredag. Det vil bli informert om leikedag og bok/speledag på vekeplanar og i dagen i dag. Dagen blir lagt opp på ein litt annan måte enn ein vanleg barnehagedag:

Når barna kjem om morgonen blir leiken/boka/spelet plassert på ei hylle eller bord i avdeling, då kan ein sjå dei forskjellige leikane/bøkene/spela barna har med seg. Vi tek leikane fram i samling, då får ein vise fram og fortelje kva ein har med seg. Etter samling delar vi inn i forskjellige grupper saman med vaksne der barna får nytte det dei har med seg.

Viktig at de merkar det ungane har med seg!

Våpen leikar er ikkje tillat!

Bursdag:

Personalet lager krone til barnet, vi heng opp flagg, syng bursdagssong og alle gjev ekstra merksemd til bursdagsbarnet.

Sjukdom:

Barnehagen tek utgangspunkt i faglege råd frå folkehelseinstituttet, **Barnehagar og smittevern** <https://www.fhi.no/sv/barnehage/nar-ma-barnet-vare-hjemme-fra-barne/>

Dersom barnet har ein barnesjukdom, må ein melde frå om dette til barnehagen. Er barnet så sjukt/forkjøla at det ikkje kan vere ute, så skal ikkje barnet vere i barnehagen. Dersom barnet vert

dårleg i løpet av dagen, vert foreldre kontakta. Det er viktig at barnehagen til ei kvar tid har OPPDATERTE TELEFONNUMMER. Gje melding til barnehagen om nokon av føresette eller andre/tredje kontaktperson endrar telefonnummer.

Barn med kroniske sjukdommar som astma og anna vil vi legge tilrette for om det er behov for det. Foreldre må ta kontakt med administrasjonen om de har barn som treng ekstra tilrettelegging, for ein kortare eller lengre periode.

Enkle hugsereglar til foreldre av omsyn til fellesskapen og for å hjelpe oss i det førebyggjande helsearbeidet:

- Ein skal ha vore feberfri i 24 timar før ein kjem i barnehagen
- Ved diare skal ein ikkje ha hatt utbrot på 48 timar før ein kjem i barnehagen.
- 1 barn spyr 1 gong utan at ein har andre tilfelle av oppkast i gruppa eller laus mage, då kan ein komme tilbake i barnehagen neste dag. Om avdelinga får meir enn 1 tilfelle av oppkast varslar vi om at det går omgangssykje og 48 timars regel gjeld for å få stoppa sykja.
- Allmenntilstanden skal ikkje vere så svekka at ein ikkje har utbytte av barnehageopphaldet.

Vi praktiserer same reglar for tilsette når dei vert sjuke.

Samtykke/Helseerklæring:

Når barnet startar opp i barnehagen skal foreldre underskrive helseerklæring og ulike samtykkeskjema, dette gjeld fotografering, kyrkjebesøk, informasjon på e-post, andre/tredje kontaktperson og liknande. Helseerklæring må fyllast ut årleg, ved oppstart av nytt barnehageår, for å sikre at vi har riktig informasjon om barnet. For dei som har barn som skal ta til i skulen neste haust leverer vi ut samtykkeskjema for overføringa av naudsynte opplysningar til skulen. Dette er ein del av barnehage/skule samarbeidet i kommunen.

Merking av klede:

Vi har mange barn som nyttar same størrelse i klede i kvar avdeling, det er difor viktig at foreldra merkar klede slik at dei kjem i rett hylle og sekk! Då finn vi rette eigar om vi skulle komme til å legge klede på feil plass.

Klede og utstyr:

UTSTYRSLISTE

Til utetida:

Regnklede
Støvlar
Parkdress eller overtrekksbukse og jakke
Regnvottar
Hue
Ullsokkar
Hals/buff
Ull/fleece til mellomlag for heile kroppen
Vinterdress, vintersko og tjukke vottar når det er vintervêr

Bytteklede: minst 2 sett av dei kleda barnet brukar inne

Bukse
Body/t-skjorte/genser
Strømpebukse/stillongs (bomullsklede kan gjere ungane kalde på vinteren under gode ullklede)

Sokkar
Truse

Det kan vere lurt å ha ei korg til dette, då vert det enklare både for barnet, foreldra og personalet å halde orden! (korga må passe i hyllene i tørrgarderoben, som er 27 cm breie)

Anna utstyr som barnet treng i barnehagen:

Tøflar/innesko, som sit godt på foten
Drikkeflaske som er enkel for barnet å bruke. Må tole oppvaskmaskin, og vere tett (slik at tursekken og nista ikkje vert våt)
Ein tjukk ringperm, til teikningar og bilete osv.

For dei aller yngste:
Smikke med armar
Bleier og salve

Dersom barnet søv på dagtid:

Vogn
Vognpose/dyne/teppe (etter årstid)
Smokk, koseklut e.l. dersom barnet brukar det

[Kontaktinformasjon](#)

Hovudnummer til barnehagen: 916 58 196

Konstituert einingsleiar

Marie Slåtten 916 58 197/577 26 436

AVDELING:

KUBE 1, Avdeling 1 og 2 916 58 208

KUBE 2, Avdeling 3 og 4 916 58 209

KUBE 3, Avdeling 5 og 6 916 58 211

Turtelefon/Fellesrom 916 58 210